

# REFERAT, RÅDGJEVANDE REFERANSEGRUPPE, SALTO

## 05.02.2015

### TILSTADE:

Helge Hitland, Helge Kvam, Merethe Landaas, Øyvind Oddekalv, Terje Sætre, Kjell Idar Vangberg, Åge Torsvik, Marit Midtgård og Ingrid Bekkenes

### 1. STATUS SALTO

- Samarbeid med OT/ PPT og NAV Lindås for ungdom i heile Nordhordland som ikkje går på skule/ er i jobb. Gruppe på Salto kvar tysdag.
- Oppstart med ART på Meland ungdomsskule feb. -15.
- Lions har kontakta Salto med tanke på eit samarbeid kring foreldremøte/ kurs. Aktuelt tema er rus/ doping. Ungdomskontakten Salto undersøker muligheter for å få gjennomført kurset «Ut av tåka» for aktuelle fagpersonar i Nordhordland.
- Helge Hitland gir seg i referansegruppa. Ny prest i Knarvik, Geir Øy, overtar.
- Frå og med i morgon får ungdomane koden til det trådlause nettverket på Salto.

### 2. FORSLAG TIL NY SAMARBEIDSAVTALE MÅ VERE KLAR INNAN APRIL/ MAI.

Lindås kommune ser på noverande avtale, og lagar forslag til ny samarbeidsavtale med evt endringar. Salto og referansegruppa ynskjer å inkludere ein kompetanseutviklingsplan. Dvs ein øyremerka post i budsjettet som gjeld kompetanseutvikling og nettverksbygging for dei tilsette på Salto.

Ungdomskontakten dokumenterer evt endringar i behov og drift med tanke på fordelingsnøkkel mellom kommunane; registrere besøk, innhente tilbakemeldingar frå samarbeidspartar.

Det kan verte aktuelt å flytte Ungdomskontakten Salto frå avdeling for psykisk helse og rus til avdeling for oppvekst. Ikkje avgjort enno.

### 3. POLITIET SITT BESTILLING TIL KOMMUNANE I NORDHORDLAND ER TIL VURDERING/ BEHANDLING I KOMMUNANE

Politiet har kome med forslag/ bestilling til kommunane angående kjernegrupper, butikknaskeri gjort av ungdom i Nordhordland og hasjavvenning (sjå vedlegg).

Nytt styremøte torsdag 26.03.15 kl. 08:30.